

Statleg tilskot kap 1429 post 72 - freda bygg 2011

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1 Tildeling frå post 72.2 Freda bygg og anlegg

- | | |
|---|---------------|
| 1. Yris hotell | kr: 830 000,- |
| 2. Eldhuset, Bruland futegard | kr: 670 000,- |
| 3. S. Kloumanns allé 3 | kr: 20 000,- |
| 4. Prosjektstilling, restaureringsleiar | kr: 350 000,- |
| 5. Freda bygg seminar | kr: 30 000,- |

2 Tildeling frå post 72,4 Kystkultur

- | | |
|---|-----------------|
| 1. Rugsund handelsstad | kr: 1 470 000,- |
| 2. Hagevik tønnefabrikk | kr: 150 000,- |
| 3. Prosjektstilling, restaureringsleiar | kr: 180 000,- |

3 Tildeling frå post 72.9 Verdsarv

- | | |
|---|-----------------|
| 1. Restaureringsplan | kr: 200 000,- |
| 2. Prosjektstilling restaureringshandverkar | kr: 285 000,- |
| 3. Torsteinslåven på Bakka | kr: 1 000 000,- |
| 4. Løe på Nedbergo | kr: 150 000,- |
| 5. Stabbur på Nedbergo | kr: 60 000,- |
| 6. Naust på Styvi | kr: 90 000,- |

Prenta vedlegg:

Tildelingsbrev frå Riksantikvaren

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

Sogn og fjordane fylkeskommune har for året 2011 fått tildelt fyljande tilskot frå Riksantikvaren til fordeling:

- Post 72.2 Freda bygg og anlegg kr: 3 500 000,-
- Post 72.4 Kystkultur kr: 1 800 000,-
- Post 72.9 Verdsarv kr: 1 785 000,-

Av tildelinga frå post 72.2 Freda bygg og anlegg har fylkeskommunen i 2010 motteke ei tilsagnsfullmakt for 2011 på kr: 2 000 000,-. Av desse midlane har fylkeskommunen i løpet av 2010 tildelt kr: 1 400 000,- til restaureringa av Yris hotell og kr: 200 000,- til restaureringa av Kapteinsgården Myroldhaug, begge på Nordfjordeid. I tilsagnsbrevet frå Riksantikvaren fekk fylket ytterlegare kr: 1 500 000,- frå post 72.2. Med denne tildelinga står det no att fordele kr: 1 900 000,- til ulike restaureringsprosjekt på freda bygningar i fylket.

I tillegg til det løyvde tilskotet for 2011, har fylkeskommunen motteke ei tilsagnsfullmakt for 2012 på kr: 1 000 000,- frå post 72. Nytt i år vedrørande tilsagnsfullmakta er at den ikkje er knytta til ein fast underpost. Fylkeskommunen er difor fri til å gje tilsagn frå både post 72.2 og 72.4 frå denne fullmakta. Med forhåndstilsagn kan det gjevast eit løfte om tilskot for neste år, noko som vil gje både forvaltninga og eigarane større forutsigbarheit.

2. BAKGRUNN

Kvart år har eigarar av freda og fredingsverdige kulturminne moglegheit til å søkja om statlege tilskot til vern og sikring. Eigarane søker fylkeskommunen som så gjer ein prioritering av dei omsøkte prosjekta og sender ein felles søknad til Riksantikvaren om tilskot til fylket. Basert på denne søknaden får fylkeskommunen tildelt ein sum som skal vidarefordelast.

Ulike postar i statsbudsjettet ein kan søkja på:

72.2 Vern og sikring av freda bygningar og anlegg

Staten gjev tilskot til å dekke meirutgifter i samband med antikvarisk sikring og istandsetjing av freda kulturminne og kulturmiljø. Tilskota skal gå til sikring og istandsetjing av freda bygningar og anlegg i privat eige.

72.4 Kystkultur

Tilskotsordninga skal medverke til å sikre og setje i stand freda og bevaringsverdige kulturminne og kulturmiljø langs kysten. Midlane skal gå til sikring og istandsetjing av freda og spesielt verneverdige kulturminne som er typiske for liv og verksemd langs kysten. Bygningar og anlegg som ikkje er freda men vert vurdert til å vera i fredingsklasse (nasjonal kulturminneverdi) kan få tilskot frå denne posten. Tilskot vert fordelt på grunnlag av fyljande prioriteringar: tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, og tiltak som sikrar kulturminne og kulturmiljø som det finst få av.

72.9 Verdsarv

Tilskotsordninga skal medverke til å sikre og setje i stand dei norske verdsarvområda i tråd med dei internasjonale retningslinjene frå UNESCO. Målgruppa for ordninga er eigarar og forvaltarane av dei norske områda som er førte opp på UNESCO si verdsarvliste. Tilskot kan også gå til tiltak som gjev betre tilgjenge til verdsarvområda og tiltak som avgrensar slitasje.

I Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) *"Leve med kulturminner – verdier som skal tas vare på og brukes"* er eit av dei tre nasjonale resultatmåla at freda og fredingsverdige kulturminne og kulturmiljø skal vere sikra og ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Ei fylje av dette er at det dei seinare år

har blitt løyvd meir midlar til vern og sikring av kulturminne. I 2011 er det ikkje auke i midlar avsette til postane 72.2 og 72.4 i forhold til 2009.

Utfordringane i arbeidet med å nå det nasjonale resultatmålet om at alle dei freda bygningane i privat eige skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020 er store. Dei to største utfordringane for å nå dette målet er tilgang på kvalifiserte handverkarar og tilstrekkeleg økonomisk støtte til å gjennomføre restaureringane på eit høgt kvalitativt nivå.

3. VURDERING OG KONSEKVENSA

I Riksantikvarens tildelingsbrev av 25.02.2011 vert det gjeve nokre føringar for bruken av tilskotsmidlane. Desse, saman med tilstandsregistreringa, har vore retningsgjevande i prioriteringa av kva prosjekt som får tilskot:

- Tiltak som stoppar og hindrar ytterlegare forfall skal prioriterast
- Freda bygningar og anlegg som forfell skal mellombels sikrast
- Tiltak på bygningar og anlegg det finst få av skal prioriterast
- Tilsegna skal gå til bygningar og anlegg som er tilstandsregistrert

Dei fleste freda bygningane i fylket har fått tilstandsgrad 1 eller 2. Erfaringane så langt syner likevel at skadeomfanget ofte er mykje større enn det tilstandsregistreringa syner. Dette grunna mellom anna at ein del skadar ikkje er synlege då dei er innekledd med ytterkledning og innvendig tapet/lerret/panel. Tilstandsregistreringa skal være retningsgjevande ved tildeling av tilskot frå post 72.2 og 72.4.

Oppstarta restaureringsprosjekt i fylket

Det er i dag tre store restaureringsprosjekt på freda bygg som er starta opp i fylket, Yris hotell i Nordfjordeid, Sveen gard i Bygstad og eldhuset på Bruland futegard i Førde. Felles for desse prosjekta er at ein har ei overordna tilstandsgrad på 3 (store utbetringar nødvendig).

Hovudbygningen på Yris hotell og Sveen gard er store hus frå slutten av 1700-talet med omfattande skadar på tak og konstruksjon som må utbetrast viss bygningane skal sikrast for framtida. Restaureringa av Sveen gard starta i 2008 og Yris hotell i 2009, og ein må rekne med at det vil ta fleire år før prosjekta er ferdigstilt. Tidlegare i år vart det løyvd kr: 90 000,- til restaureringa av hovudhuset på Sveen HK-sak 4/11. Det hadde vert ynskjeleg å kunne tildele dette prosjektet meir i 2011, men me har vurdert det som viktigare å ferdigstille arbeidet med tak og konstruksjonar på Yris hotell og eldhuset på Bruland futegard.

Restaureringa på Yris hotell er så omfattande at det er behov for stor økonomisk støtte til eigar for at den kan gjennomførast. Samstundes er det svært viktig at prosjektet ikkje stoppar opp då det vil kunne føre til ytterlegare skade på bygningen. Prosjektet har hatt fleire planlagde byggestopp grunna manglande finansiering. I dag er to av tre veggjar lafta opp att og det er eit stort behov for å ferdigstille istandsetjinga av tømmerkonstruksjonen, få tett tak på bygningen, samt remontering av kledning, dører og vindauga. Når dette arbeidet er ferdigstilt vil det ikkje lenger vere behov for det kostbare stillaset som i dag sikrar bygningen.

Arbeidet med eldhuset på futegarden på Bruland starta for fullt i januar 2011. Skadane på tømmerkonstruksjonen på eldhuset var så omfattande at fylkeskommunen gav løyve til ei full demontering av bygningen og restaurering i hall. Bygningen er i dag demontert og under restaurering i hall og ein planlegg istandsetjing av grunnmur og remontering av bygningen i løpet av hausten 2011. I samband med utrydding og demontering vart det konstanterert at skadeomfanget på bygningen også her var større enn forventa. Ei fylje av dette er at kostnadane ved prosjektet har auka tilsvarande og det er behov for ytterlegare tilskot til prosjektet for å sikre progresjonen.

Når det gjeld mindre tiltak vil fylkeskommunen prioritere å gje eit tilskot for å dekke meirkostnadane med to nye dører til S. Kloumanns allé 3 i Parken i Høyanger. Bakgrunnen for

denne tildelinga er at det i dispensasjonen frå fredingsvedtaket som vart gjeven vart det sett krav som fordyrar prosjektet. Jamfør lov om kulturminne §15a "Blir det satt vilkår for dispensasjonen som fordyrer arbeidet, skal eier eller bruker få helt eller delevis vederlag for denne utgiftsøkningen." Fylkeskommunen finn det difor rimeleg å gje eit tilskot til dette prosjektet.

Prosjektstilling restaureringsleiar

Fylkeskommunen har etter avtale med Riksantikvaren fått høve til å nytta ca. 10% av tilskotsmidlane frå post 72 til å engasjere ein restaureringsleiar for freda bygg. Med dei store restaureringsprosjekta ser me at det er svært nødvendig å ha ein person i denne stillinga for å sikre framdrift og prosjektleiing i dei store restaureringsprosjekta, samt kvalitetssikre alle restaureringsprosjekta på freda bygg i fylket. Dette gjer at kvaliteten på restaureringane av freda bygg i fylket i dag har eit høgt nivå. I tillegg fyl han opp mindre restaureringsprosjekt på freda bygg og kjem med råd og rettleiing til eigarar av freda bygg. Tilbakemeldingane frå eigarar er svært gode og mange føler at dei har fått ei betre oppfyljing frå fylkeskommunen i deira arbeid med å ta vare på dei freda bygningane på ein antikvarisk god måte etter at denne prosjektstillinga vart oppretta. Med dei auka statlege tilskota og dei store restaureringsprosjekta er det blitt sers viktig å ha ein person i forvaltninga som kan bistå eigar, kvalitetssikre utført arbeid og sikre at dei offentlege midlane vert nytta på ein effektiv og god måte. Fylkeskommunen må i løpet av våren taka stilling til ei permanent vidareføring av ressursen då prosjektperioden vert avslutta i juni 2011.

Freda bygg seminar

Fylkeskommunen ynskjer å ha eit årleg seminar for eigarar av freda bygg i fylket. Føremålet med seminaret er å skape ein møteplass for eigarar av freda bygg og forvaltninga. På seminara vert det teke opp aktuelle problemstillingar, samstundes som det vert gjeve fagleg påfyll til eigarane om korleis dei kan ta vare på bygningane sine på ein god måte. Seminaret i 2010 var i Høyanger og hausten 2011 planlegg me eit nytt seminar i Vågsøy.

Kystkultur

Fleire av dei freda bygningane i fylket kjem inn under kategorien kystkultur. Søknadar om tilskot frå post 72.2 til desse bygningane har fylkesdirektøren flytta over til post 72.4 for at dei skal få ein høgare prioritet. I år har me prioritert freda bygg i privat eige. Tidlegare har fylkeskommunen prioritert å gje store delar av tilskotet til istandsetjinga av Vågsberget handels og gjestgjevarstad i Vågsøy kommune. Kystmuseet har framleis ståande store summar i løyvde tilskot til Vågsberget som ikkje er brukt, noko som vil sikre framdrifta av istandsetjinga i 2011.

Handelsstaden Rugsund i Bremanger kommune er eit av dei største freda anlegga i fylket i privat eige. Her er det behov for ei større istandsetjing av vestre sjøbu. Fylkeskommunen har tidlegare vore nøydt til å nedprioritere dette prosjektet grunna manglande kapasitet til å fylje opp eigar. Me har no moglegheit til å fylja opp dette prosjektet og har av den grunn det som fyrsteprioritet i tildelinga av tilskot frå post 72.4

Verdsarv

I 2010 starta Nærøyfjorden Verdsarvpark arbeidet med å lage ein restaureringsplan for heile verdsarvområdet i Nærøyfjorden. Planen er initiert av fylkeskommunen og er eit ledd i arbeidet med å sikre at ivaretakinga av kulturminna i verdsarvområdet vert eit eksempel på beste praksis, noko som er eit mål for ivaretakinga av verdsarvområdet. Føremålet med planen er å få ei oversikt og prioritering av kulturminna i verdsarvområdet slik at ein kan sikre ei målretta istandsetjing av dei. I tillegg skal planen vere ei hjelp til eigarane om korleis dei best kan ivareta sine kulturminne og vere ei styrke i forhold til å søkje om tilskot frå ulike privat og offentlege fond til istandsetjingstiltak.

Verdsarvparken har i 2010 hatt ein person tilsett i ei prosjektstilling som restaureringshandverkar. Denne stillinga har vert delfinansier av tilskot frå post 72.9. Restaureringshandverkaren sine oppgåver har vert å hjelpe eigarar med råd og rettleiing i samband med istandsetjing av bygningar, utarbeiding av kostnadsoverslag, istandsetjing av bygningar og kurs innan restaurering. Erfaringane så langt har vore gode og fylkeskommunen ynskjer at prosjektet vert vidareført i 2011.

Låven i Torsteinsgarden på Bakka med si markante plassering i nærleiken av kyrkja er eit viktig kulturminne i verdsarvområdet. Taket er eit rastehelletak, ein taktype som tidlegare var vanleg på Bakka men som det no er få att av. Taket og delar av konstruksjonen er i dag i dårleg stand og fylkeskommunen vurderer det som viktig at låven vert sett i stand etter antikvariske prinsipp og teken i bruk.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Framlegg om fordeling av tilskot frå post 72.2 Freda bygg og anlegg

Anlegg	Kommune	Tilskot
Yris hotell	Eid	830 000,-
Eldhuset, Bruland futegard	Førde	670 000,-
S. Kloumanns allé 3	Høyanger	20 000,-
Prosjektstilling, restaureringsleiar		350 000,-
Freda bygg seminar		30 000

Basert på erfaringane frå tildelinga i 2010 ynskjer fylkesdirektøren at ein med tildelinga av tilskot i 2011 satsar på dei store restaureringsprosjekta i fylket. I denne samanhengen er det sers viktig at ein løyver nok tilskot til å sikre tett tak, ferdigstilling av arbeidet med konstruksjonane og remontering av vindauga, kledning og dører på Yris hotell. Eldhuset på Bruland futegard er eit noko mindre prosjekt som me ynskjer å få ferdigstilt i løpet av året. Det er viktig for fylkeskommunen at nokon av dei oppstarta prosjekta vert ferdigstilt, i forhold til måloppnåing av det nasjonale målet om at alle freda bygg skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Med denne tildelinga av tilskot vil den totale tildelinga for 2011 frå post 72.2 vere fyljande:

Anlegg	Kommune	Tilskot	HK-sak
Yris hotell	Eid	830 000,-	
Eldhuset, Bruland futegard	Førde	670 000,-	
S. Kloumanns allé 3	Høyanger	20 000,-	
Prosjektstilling, restaureringsleiar		350 000,-	
Freda bygg seminar		30 000,-	
Yris hotell	Eid	1 400 000,-	19/10
Kapteinsgården Myroldhaug	Eid	200 000,-	19/10
Sum tilskot		3 500 000,-	

Anlegg	Kommune	Tilskot
Rugsund handelsstad	Bremanger	1 470 000,-
Hagevik tønnefabrikk	Vågsøy	150 000,-
Prosjektstilling, restaureringsleiar		180 000,-
Sum tilskot		1 800 000,-

Fylkesdirektøren har valt å nytta 10 % av tilskota frå post 72.2 og 72.4 til å dekke kostnadane med prosjektstilling til restaureringsleiar. Arbeidsoppgåvene til prosjektleiar er å fylje opp alle

istandsetjingsprosjekta på freda bygg i fylket, og han vil ha eit særleg ansvar for dei store prosjekta. Erfaringane så lang har synt at det er viktig for fylkeskommunen å ha ein restaureringsleiar for å sikre framdrift i prosjekta, samt kunne gje råd og kontrollere utført arbeid.

Forslag til fordeling av tilskot frå post 722.9 Verdsarv

Anlegg/tiltak	Kommune	Tilskot
Restaureringsplan	Aurland, Vik, Lærdal	200 000,-
Prosjektstilling, restaureringshandverkar	Aurland, Vik, Lærdal	285 000,-
Låven i Torsteinsgarden på Bakka	Aurland	1 000 000,-
Løe, Nedbergo	Aurland	150 000,-
Stabbur, Nedbergo	Aurland	60 000,-
Naust, Styvi	Aurland	90 000,-
Sum		1 785 000,-

Tilsegnfullmakta for 2012 på kr: 1 000 000,- vert ikkje nytta no. Fylkesdirektøren ynskjer å kome attende med vurdering av bruken av denne på eit seinare tidspunkt.

Fylkesdirektøren syner til drøftingane over og rår hovudutval for kultur til å gjera vedtak i tråd med tilrådinga.